



Austrheim Kommune

Dato: 15.05.2015
Vår ref.: 2014/20396-65
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane 2015

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til dykkar søknad om midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2015. Det er 10 søknadar og kr 515 000 til fordeling. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot. Vi gjer merksam på at de i tillegg kan søke om inntil kr 30 000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard for innlegging i Naturbase.

Kultur og ressursutvalet tildelte i møte 13. mai 2015 kr. 60 000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Austrheim kommune. 75% av midlane vert overført til Austrheim kommune ved oppstart. 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarretteiing*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/20396

Ressursnummer: 400006

Beløp: kr 60 000,-

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. desember 2015. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak i tråd med M98-13 og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Hordaland fylkeskommune ønskjer dykk lykke til med dette viktige arbeidet!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.